

# MånedspLan for Juni 2017

Nå har me starta på den siste månaden før sommarferien. I mai var det mangen fri dager, men innimellom alle fri dagene har me fått feira 17. mai i lag med skulegata bar,nehage. Då gjekk me i tog, spiste pølser og is. Me hadde skikkelig 17.mai vær, med striregn, men me hadde ei fin feiring allikevel.

Barna som er født i 2014 fekk vere med på toddlerdag i Jærbarnehagen, det var kjempespennende, med mange aktiviteter som hinderløype, ballongrom, maling ute og såpebobler. Til og med en ekte brannbil kom, og alle fekk prøve å spyle med brannslangen.

I Juni håper me på mykje fint vær, og vil då gå en del turer. Det hadde då vore veldig fint om de ga beskjed om barnet ditt kjem seinere enn 9.30.

**13. juni** skal det vere sommeravslutning i barnehagen med foreldre og søsken, kl **15.30**. Då vil barna som skal begynne på skulen få litt ekstra oppmerksomhet og så vil me grille. Alle må då ta med egen grillmat, me ordner med grill i barnehagen.

I Juli tek barnehagen sommerferie, første dag etter ferien vert måndag **31. august**. Hvis de veit at barnet skal ha meir fri enn dette, er det fint om me får beskjedi!

